



Årsmøte

15. mars 2022

Kl. 12.30

på

Sotra Kino

## **Sak 1:** Opning

Opning ved leiar

## **Sak 2:** Godkjenning av innkalling og dagsorden

Årsmøtet vart kunngjort på Aktiv+ si Facebook side samt på Kommunen sine heimesider den 22.02.2022. Det vart og hengd opp plakat på Biblioteket, Sartor senter, Rong senter og Sund senter.

Saksdokumenta vart ferdigstilt 21.02.22, og gjort tilgjengeleg på kommunen sine heimesider, link til denne på Aktiv+ si Facebookside, papirformat i biblioteket og ved opning av årsmøtet.

Dagsorden for årsmøte i Aktiv+ 2022

1. Opning
2. Godkjenning av innkalling og dagsorden.
3. Val av møteleiar, referent og to medlemmar til å underskrive protokollen.
4. Årsmelding frå styret.
5. Rekneskap og revisor-rapport.
6. Behandla innkomne forslag og saker.
7. Fastsetja medlemskontingent.
8. Handlingsplan for komande år.
9. Budsjett
10. Val av styreleiar
11. Val av fem styremedlemmar og to varamedlemmar.
12. Val av revisor og tre medlemmar til valkomité.
13. Avslutning

### **Framlegg til vedtak:**

Innkalling og dagsorden vert godkjend.

Vedtak:

**Sak 3:** Val av møteleiar, referent og to medlemmer til å skrive under protokollen (iflg vedtektene)

**Framlegg til vedtak:**

Som møteleiar veljast Sigurd Hope

Som referent veljast Andreas Steigen

Til å underskrive protokollen veljast -----(forslag på to frå salen)

**Sak 4:** Årsmelding fra styret i Aktiv+ for perioden  
1. januar – 31. desember 2021.

**Årsmelding frå styret:**

Året 2021 har vore prega av Covid 19 pandemien. Aktiv+ kunne ikkje opna for tilnærma normal drift før i august. Styret har hatt fylgjande samansetning sidan årsmøtet 25.05.21:

Leiar Irene Evensen, nestleiar Gunnar Angeltveit, kasserar Trygve Dåvøy, styremedlemmar Inge Kolltveit, Andreas Steigen og Sigurd Hope. Vararepresentantar har vore Mai Villanger og Olav Bjørøy. Sigurd Hope har hatt rollen som sekretær.

I tillegg har Unni Sørensen vore Aktiv+ sin kontaktperson inn mot Øygarden Kommune og har møtt i styremøta utan røysterett.

Revisor har vore Leif Håkon Arefjord.

I valnemnda sit Egil Haaland, Rune Bildøy og Jorunn Foldnes



*Bilete av det nye styret er tatt under årsmøtet den 25.5.2021.*

## **Aktivitetar**

Året 2021 starta med nedstenging grunna Covid 19 pandemien. Det var ingen treningsaktiviteter i regi av Aktiv+ før i august. Senioruniversitetet Øygarden og Sotra i samarbeid med Pensjonistforbundet arrangerte sine foredrag stort sett som planlagt i 2021. Medlemene i Aktiv+ har som vanleg fått invitasjon til å delta på desse foredraga. I 2021 vart dei arrangert i Sotra kino. Frammøte har vore varierende. Gunnar Staalesen trakk full sal, nesten 200 tilhørarar.

Årsmøtet vart halde den 25.5.2021. på Sotra kino. Etter ei lita økt med strekk, tøy og bøy, vart filmen "The Origin of the Steel" vist.

Det var framleis stor smittespreiing og trening i Sotra arena var ikkje mogeleg.

Den 24. august kunne me starta opp att med alle trimaktivitetar i og rundt Sotra arena. Frammøte har i snitt lege på ca. 50 på trimmen, omlag like mange på balansetreninga og rundt 15 som gjekk tur i turløypene. Dette er betydeleg lågare enn før pandemien. Då var det ofte meir enn 150 framømte. Spesielt på trimmen har talet gått ned. Balansetreninga måtte haldast i Dansesalen i Turnhallen grunna vaksinering på Sotra arena. Kaféen var og i Turnhallen på denne tida.

No måtte me registrera alle som møtte fram for mogeleg smittesporing. Handsprit var sett fram på strategiske stader. Parkeringa var flytta til utanfor Lieco Auto. Dette kravde ein del ekstra vakter.

Etter om lag to månader letta myndigheitene på krava for vern og me kunne gå attende til tilnærma normale tilhøve – utan sprit og registrering. Kafeen vart flytta attende til foajeen.

Foredraga i regi av Aktiv+ vart og haldne i Sotra kino, også etter lette i smittevernkrava. Dette påførte oss ein del ekstra kostnader. Frammøte på foredraga har lege på mellom 30 og 50 personar.

Me hadde eit variert program for foredraga. Her er eit utdrag:

- Brannen i juni. Jarl Hestad frå Øygarden Brann og Redning.
- "Eit demensvenleg samfunn". Demenskoordinator Hege Tveit. Etter foredraget vart filmen «Vær her» vist.
- Dokumentarfilmen "Fjell - ein øygardskommune" vart vist. Produsent Hans Kr. Bukholm fortalde om produksjonen og digitaliseringa.
- Olav H. Hauge. Jimmy Næs fortalde, les dikt og song.
- "Oppvekst på Nordnes og Bergen på 1950/60 tallet". Arne Martin Engelsen viste bilete og fortalde
- "Kystmat". Bjørg Christoffersen frå Kystmuseet.
- "Ekteparet Bjørnson - eit besøk på Aulestad". Jakob Ågotnes
- "Då mormor gjekk på dans". Konsert med Tarjei, Leslie og Guro
- Småoppdrag+. Sigurd Hope orienterte
- "Arkitekten, kommunisten og bilisten - smakebitar frå bygdebøkene for Fjell". Halvor Skurtveit

I tillegg hadde Senioruniversitetet i samarbeid med Pensjonistforbundet ansvaret for 4 foredrag. Eit måtte avlysast grunna Covid 19.

Corona smitten auka på utover hausten og me fekk Omicron varianten. Dette gjorde at me måtte fram med spriten att i slutten av november og me kunne ikkje trena i Sotra Arena etter 8.12.21. Turgruppa var framleis aktiv ut året. Den planlagde juleavslutninga med servering av julegraut med etterfylgjande julekonsert med Roy Vorland, Anita Heggholmen og Kristian Vedberg i Sotra kino, måtte diverre avlysast grunna stor smittefare. Straume Bu og servicesenter fekk julegrauten og var takksame for det.

### **Drift frå veke til veke**

Covid 19 pandemien har medført at me har vore nøydde til å omstilla oss i takt med nye smitteverntiltak frå myndigheitene. Styremedlemene og fleire medlemmar har vore hjelpsame og teke på seg ekstra oppgåver som parkeringsvakter, registrering, desinfisering og opp- og nedrigging.

Alle aktivitetar og foredrag/underhaldning i regi av Aktiv+ er gratis. Samarbeidet med Senioruniversitetet i Øygarden og Sotra (SØS) har også dette året vore særskilt bra.

Gunnar Angeltveit og Signe Herdig Høyvik har også dette året delt på oppgåva som instruktør for trimgruppa.

Balansegruppa har vore godt besøkt og vi rettar ein takk til Ergo- og fysioterapiavdelinga i Øygarden kommune som stiller med instruktørar.

Turgruppa vert godt leia av vertane Jan Bjørøy, Karin Bjærum, Oddny Bakke, Berit Knutsen og Trygve Dåvøy.

Kaféen er eit populært tilbod, og dei stiller med mange gode freistingar. Folk kosar seg med kaffi og noko å bita i i pausen mellom trening og foredrag.

Styret har hatt 5 styremøte i 2021. Møta har vore haldne på Sotra arena. Det har vore mykje e-post kommunikasjon mellom styremøta grunna endringar i smitteverntiltak.

### **Medlemstal**

Det har vore ei liten auke i talet på medlemmar i 2021. I løpet av hausten er me blitt 385 medlemmar, ein auke på 25 frå året før.

### **Økonomi**

Det vises til eige vedlegg for økonomien. Økonomien i Aktiv+ har i 2021 vore god. Av same grunn vart det ikkje teke inngangspengar på dei større arrangementa. Leige av Sotra kino har kosta kr 48 750,-, men det var ei løysing alle har vore nøgde med. Aktiv+ fekk god økonomisk støtte til juleavslutninga frå Statsforvaltaren.

Like før jul fekk me melding om at eit av medlemmane våre, Grethe A. Nilsen, diverre hadde gått bort. Ho var aktivt interessert i arbeidet Aktiv+ gjer og familien inviterte gjennom dødsannonser til å gje ei pengegåve til Aktiv+ som ei minnegåve. Dette er foreininga særst takksam for.

Aktiv+ er med i Norsk Tipping sin Grasrotdel. Dei av medlemmene som spelar gjennom Norsk Tipping, og som ikkje allereie har ført opp Grasrotmottakar, oppfordrast til å melde Aktiv+ inn som deira Grasrotmottakar. Me har og fått god støtte frå Folkeakademiet.

## **Avslutning**

Styret vil retta ei stor takk for all hjelp med å arrangera våre aktivitetar tilnærma normalt i eit pandemi-år.

Takk til alle deltakarane på Aktiv+. Det varmar hjarta når vi høyrer spørsmål om når vi kan starte opp att og at folk saknar tilbodet.

Takk til Øygarden kommunen for årlig tilskudd og lån av Sotra Arena.

Stor takk til Rolf Øvretveit, teknikar Stian og hjelparar frå ungdomsskulen, i Sotra kino. Dei har stilt opp på ein positiv måte og funne løysingar på daglegdagse utfordringar.

Vi vil og takka Sotra Sportsklubb for godt samarbeid og velvilje til at vi skal få gjennomført våre arrangement, og ikkje minst takkar vi vaktmeister Svein Solsvik for all velvilje og god hjelp.

Takk til turvertar, friviljuge og alle som har vore med å laga eit flott opplegg for seniorane i Kommunen.

Takk til revisor og valnemnd.

Irene Evensen

Gunnar Angeltveit

Trygve Dåvøy

Inge Kolltveit

Sigurd Hope

Andreas Steigen

Unni Sørensen

Mai Villanger

Olav Bjorøy

## **Framlegg til vedtak:**

Årsmeldinga vert godkjend

## Sak 5: Rekneskap og revisorrapport

### Forenklet økonomisk rapport

Dato : 16.01.2022

Regnskap : Aktiv+

Periode : 01.01 ... 31.12.2021.



Konto	Konto beskrivelse	Inntekter	Utgifter
1510	Utestående fordringer	,00	
1930	Bankkonto 3633.69.05375	101723,84	
1931	Bidrag frå Øygarden kommune	Note 1	55000,00
1932	Bidrag frå Folkeakademiet Vest		8250,00
1933	Bidrag frå Norsk Tipping AS.		4567,34
1934	Bidrag frå Vippsnr. 608874.	Note 2	4372,12
1935	Bidrag frå andre.	Note 2	900,00
7700	Utgifter til leige av lokaler.	Note 3	-48750,00
7702	Utgifter til foredragsholdere / leverandører.		-18433,00
7703	Utgifter til gåver.		-1340,27
7704	Utgifter til utstyr og materiell.		-199,00
7705	Utgifter til abonement, etc.	Note 4	-3164,75
7706	Utgifter til årsmøte / styremøter.		-1708,00
7707	Utgifter til sesongavslutninger.	Note 1	-10419,20
7710	Gebyrer.		-84,00
		<b>174813,3</b>	<b>-84098,22</b>

DEBET		KREDIT	
INNETEKTER, SALG		DRIFTSKOSTNADER	84098,22
BANKINNSKUDD	174813,3	OVERSKUDD	90715,08
SUM	174813,3		174813,3

#### Note 1.

Konto nr. 1931/7707. Normalt tilskudd på kr. 25.000,- + EKSTRAORDINÆRT tilskudd til juleavslutningen på kr. 30.000,-. Juleavslutning vart avlyst, men konto nr. 7707 viser at me fekk utgifter på kr. 10.419,20. Resten får me behalda.

#### Note 2.

Konto nr. 1934/1935. Direktegaver og via VIPPS, gåver i.f.m. Grethe A. Nilsen sin bortgang. Ho var aktivt interessert i arbeidet me gjer og familien inviterte gjennom dødsannonsen til å gi gåver til Aktiv+. Dette vart til saman kr. 5272,12

#### Note 3.

Konto nr. 7700. Bruk av Sotra Kino på grunn av Corona-restriksjonar i 2021.

#### Note 4.


Konto nr. 7705. Annonse i Vestnytt og medl. Kontingent Folkeakademiet Vest.



Eg finn regnskapet til Aktiv+ for 2021 riktig.  
Bilag og Banker kontrolert.

Regnskapet kan godkjennast som det er.

Straume Januar 25.2022.

A handwritten signature in cursive script, reading "Leif Håkon Greford", written over a horizontal dashed line.

**Framlegg til vedtak:**

1. Rekneskapen godkjennes.
2. Revisors rapport vert teke til etterretning.

## Sak 6: Handsaming av innkomne forslag og saker

Styret har ikkje motteke nokon saker som skal handsamast på årsmøtet

## Sak 7: Fastsetja medlemskontingent.

### Framlegg til vedtak:

1. Styret foreslår at det ikkje skal betalast nokon ordinær kontingent for medlemskap.
2. Ved store framsyningar med innleige av artistar vert det teke inngangspengar når styret ser behov for det.

## Sak 8: Handlingsplan for 2022

### Foredrag Aktiv+ våren 2022 – ajour 20. jan. 2022.

Dato	Ansvarsvakt/Mottaksvakt møter kl 0930	Tema	Foredragsholder	Hvem kontakte r	Antall
04.01	Irene/Mai	«John – den siste norske cowboy.»	Film og orientering om utvandringa til Amerika.	Irene	Utgår.
11.01	Trygve/Olav	I norsk teneste i Afganistan.	Oberst Ole A Fauske.	SØS	Utgår.
18.01	Inge/Astrid	«TryggEst. Vald og overgrep mot vaksne.»	Kommunepsykolog og Liv Pedersen.	Unni	Tur 9. Foredrag 13
25.01		Depresjon i eldre år – symptomer og behandling	Eldrepsykolog Lise Næss	Irene	
01.02	Irene/Mai	Konsekvenser for oss seniorar ved overgang til ei bil	Liv Røssland. NAF avd. Bergen	Sigurd	
08.02	Egil/Trygve	Morgendagen er her! Lønnsomt grønt skifte.	Rådgiver strategi og bærekraft Daniel Syslak.	SØS	
15.02	Trygve/Olav	Dario Fo monologer	Skuespiller Erik del Barco Soleglad.	SØS	

22.02	Inge/Astrid	Samanheng mellom natur og klima	Siri V Haugum. Lynghei senteret på Lygra.	Irene	
01.03	Skulens vinterferie. Ikkje Aktiv+				
08.03	Sigurd/Irene	Kvinner med ny start.	Torill Aglen	SØS	
15.03	Trygve/Olav	Årsmøte/Medlemsmøte/Musikk(?)		Irene	
22.03	Irene/Mai	Sotrasambandet	Bjørn E Kristiansen Øygarden Komm.	Trygve	
29.03		Orientering om Aksjonscenteret i Øygarden	Tonje Tangen Alsvåg	Irene	
05.04		Båten i kystkulturen.	Journalist Dag Lindebjerg.	SØS	
12.04	Påskeferie				
19.04.		Det kom ein båt til Bergen. Eksplosjonsulykken den 20. april 1944	Arne M Engelsen	Irene	
26.04		Film: «Kampen om Narvik». Orientering v/.....(?)	Sotra Kino	Irene	
03.05.		En hjerne for musikk.	Professor Geir Olve Skeie.	SØS	
10.05		Olje og energi – global verksemd med lokal betyding.	Tove Ormevik. Plattformsjef Ivar Aasen	Unni	
17.05	Ikkje Aktiv+				
24.05		Tang og tare	Irene Evensen	Irene	
31.05.		Professor Torill C Lindstrøm.	Om å være menneske. For 100 000 år siden i Afrika. I dag - i Bergen i regnet.	SØS	
07.06				SØS?	

14.06.					
21.06	/Alle	Avslutting	Musikk. Roy Vorland, Anita Heggholmen og Kristian Wedberg	Irene	

### **Framlegg til vedtak.**

1. Årsmøtet godkjenner den forma for handlingsplan.
2. Årsmøtet gjev styret fullmakt til å laga program for resten av 2022.

## Sak 9: Budsjett



Dato : 21.02.2022

### Aktiv+, Budsjett 2022.

Periode: 01.01.2022 - 31.12.2022

Konto	Beskrivelse	Budsjetterte	
		Inntekter	Utgifter
1930	Bankkonto 3633.69.05375	90000,00	
1935	Bidrag frå andre.	,00	
1932	Bidrag frå Folkeakademiet Vest	9000,00	
1933	Bidrag frå Norsk Tipping AS.	7000,00	
1934	Bidrag frå Vippsnr. 608874.	,00	
1931	Bidrag frå Øygarden kommune	25000,00	
1510	Utestående fordringer	,00	
7710	Gebyrer.		100,00
7705	Utgifter til abonoment, etc.		3000,00
7702	Utgifter til foredragsholdere / leverandører.		45000,00
7703	Utgifter til gaver.		2000,00
7700	Utgifter til leige av lokaler.		35000,00
7707	Utgifter til sesongavslutninger.		20000,00
7704	Utgifter til utstyr og materiell.		1000,00
7706	Utgifter til årsmøte / styremøter.		2000,00
	<b>Sum</b>	<b>131000,00</b>	<b>108100,00</b>

#### BUDSJETT BALANSE

DEBET		KREDIT	
INNTEKTER	131000,00	UTGIFTER	108100,00
		OVERSKUDD	22900,00
SUM	131000,00		131000,00

### Framlegg til vedtak:

3. Budsjettforslaget vert godkjend

## **Sak 10:** Val av styreleiar

### **Innstilling frå valnemnda**

Som leiar innstillast Irene Evensen for eitt år

## **Sak 11:** Val av styremedlemmar og to varamedlemmar.

### **Styremedlemmar:**

Som styremedlem innstillast Andreas Steigen, SØS, for to år

Som styremedlem innstillast Anne Grethe Aase Eide for to år.

Som styremedlem innstillast Signe Herdis Høyvik for to år.

Styremedlemne Sigurd Hope og Trygve Dævøy er ikkje på val.

### **Varamedlemmar til styret:**

Som vararepresentantar for eitt år innstillast:

Inge Kolltveit

John Arve Dyrkolbotn

## **Sak 12:** Val av revisor og tre medlemmar til valkomité.

### **Revisor:**

Som revisor innstillast Olav Bjørøy for eitt år.

Straume, 15.2.22

Egil Haaland

Rune Bildøy

Jorunn Foldnes

-----

Forslag til neste års valkomité er;

Egil Håland - Rune Bildøy - Mai Villanger

### **Framlegg til vedtak:**

Valnemndas innstilling vert godkjend.

## **Sak 13:** Avslutning ved leiar